



Knut Steinsletten kjem til kyrkjes saman med kona Ingunn og tvillingsystera Olga Olderkjær. Dei var alle tre 50-års-jubilantar.

Etter den vellukka dagen med bygdevandring og kaffidrøs i går, heldt samlinga for konfirmantjubilantane fram i dag. Programmet starta naturleg nok med at jubilantane deltok på gudstenesta. Etter det var dei samla til festmiddag.

Under gudstenesta var dei vitne til at 2 dåpsbarn vart borne fram. I tillegg fekk 4-åringane og 6-åringane bøker av soknerådet. Borna framførte eit par songar.



[Feststunda hos Elins Matgleder sette dei alle pris på.](#)

Presten som vikarerte under gudstenesta, Egil Larsen, var og med under festmiddagen. Der var og Møyfrid Kristoffersen, Gunnbjørg S. Eik og Tormod Myklebust frå soknerådet. Middagsstunda var lagt til Elins Matgleder sine lokale som var flott pynta til fest. Nydeleg smakte og det som vart servert. Til middag var det svinesteik med deilig tilbehør, og det vart etterfulgt av kaffi, bløtkake, kvit dame og konfekt. Alt fekk toppkarakter av jublantane.



[Både denne kaka og resten av maten fekk toppkarakter av jublantane.](#)

Under matøkta helsa prest Egil Larsen og soknerådsmedlem Tormod Myklebust jublantane. Sistnemnde fortalde blant anna litt om korleis kyrkjejubileet skulle feirast til neste år.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Einar Gjertsen og Elins Matgleder(kaka)